

## Juryens grunngjeving:

Prisvinnaren leverer hovedsakleg råvarer til andre aktørar som igjen produserer økologisk mat og varer. Mellom anna er dei fleste økologiske bakarane kundar hos prisvinnaren. Dei leverer også råvarer til økologisk kraftfør – noko som i andre enden gir for eksempel økologisk egg og kjøt i butikkane. Når kjøkken i storhushaldning skal lage økologisk mat er dei avhengige av gode og trygge leveransar av eit stort spekter av råvarer, og prisvinnaren er ein vesentleg leverandør på dette området. Dei har også eit utval ferdigvarer som er ein viktig del av sortimentet både til storhushaldning og butikkar.

Firmaet sin filosofi er å strekkje seg endå lengre enn kundane forventar, og seier ikkje nei til ein forespørsel. Dette har gitt dei kundar i heile landet, frå storindustri til små gardsysteri. Verksemda leverer i dag økologiske produkt av høg kvalitet til bakarar, butikkar, storhushaldning og industri. Produktleveransane er profesjonelle og held ein høg standard.

Til trass for usikkerheita som knyter ser til eit marknad under oppbygging har bedrifta hatt stor vekst og dei har lykkast med å etablere sal og distribusjon over heile landet. Dei er profesjonelle og sikre leverandørar, noko som er avgjerande dersom vi saman skal lykkast med å auke både produksjon og forbruk av økologisk mat.

Når firmaet leverer eit så breitt varespekter av økologiske varer, seier det seg sjølv at dei ikkje har berre norske økologiske varer i sitt sortiment. Med sitt profesjonelle salgs og distribusjonsapparat i heile landet er dei likevel ein svært viktig aktør for distribusjon av norskproduserte økologiske varer.

Det er derfor med glede vi kårar Norganic AS til Årets leverandør av økologiske produkt 2013!

